



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
19/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	20.09.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	22/695

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL "FRILUFTSSKOLE" PÅ STANGHELLE 2022 - BERGEN OG HORDALAND TURLAG

Vedlegg:

220523 Søknad Friluftsskole Vaksdal kommune 2022
Rapport Friluftsskolen i Agnavika

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bergen og Hordaland Turlag, Helene Ødven, får tildelt kr. 20 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å gjennomføre «friluftslivsskole» for born i Agnavika på Stanghelle, sommaren 2022.

Løyvinga utgjer 27 % av faktiske kostnadar på kr. 75 061,-. Tilskotet vert løyvd som ein fast sum (eingongstilskot) .

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Utgiftene må vere knytt til kostnadane i søknaden.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

Bygdeutviklingsutvalet - Sak 19/2022

BYG - Behandling:

Samrøystes vedtak.

BYG - Tilråding/Vedtak:

Bergen og Hordaland Turlag, Helene Ødven, får tildelt kr. 20 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å gjennomføre «friluftslivsskole» for born i Agnavika på Stanghelle, sommaren 2022.

Løyvinga utgjer 27 % av faktiske kostnadar på kr. 75 061,-. Tilskotet vert løyvd som ein fast sum (eingongstilskot) .

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Utgiftene må vere knytt til kostnadane i søknaden.

Løyvinga gjeld ut 2024. Etter dette vert midlane trekte attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bergen og Hordaland Turlag søker om kr. 20 000,- i tilskot til å halde «friluftsskole» på Stanghelle sommaren 2022, med born som målgruppe.

Tiltaket er i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål om å leggje til rett for aktivitets- og opplevingstilbod i kommunen. Ved handsaming er det lagt spesiell vekt på at tilbodet er for «dei minste», med vekt på læring og meistring.

Kommunedirektøren går inn for å løyve kr. 20 000,- til gjennomføring av tiltaket. Beløpet utgjer 27 % av faktiske kostnadar (kr. 75 061,-), og er ikkje knytt opp til ein prosentvis finansiering av godkjende kostnadar.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 275 000,- til rådvelde i tilskotsmidlar for søknadsomgangen i september 2022.

I søknad av 24.05.22, søker Bergen og Hordaland Turlag, ved Helene Ødven, om kr. 20 000,- i tilskotsmidlar frå Bygdeutviklingsutvalet til gjennomføring av «friluftsskole» i Agnavik på Stanghelle, sommaren 2022. Målgruppa er born i alderen frå 10 -13 år, med plass til inntil 25 deltakarar.

«Friluftsskolen» tek utgangspunkt i eit fast opplegg. Målet er å gje deltakarane lystbetont introduksjon i friluftslivet, etter tilsyn og rettleiing frå utdanna instruktørar. Turlaget har lokallag i Vaksdal kommune.

«Friluftsskolen» i Agnavika vart gjennomført frå 4. til 8 juli, med 13 deltakarar. Tilbakemeldinga frå søker er at tiltaket i stor grad vart gjennomført som planlagt. Tilsendt oppsett viser kr. 75 061,- i totale utgifter, medan det vart budsjettert med kr. 90 000,-.

Finansieringa av tiltaket er knytt til deltakaravgift, tilskot frå Vaksdal kommune og andre tilskotsordningar. Sjå vedlagt rapport, med oversikt for kostnadar og inntekter.

Formelt grunnlag:

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne 26.05.20:

[Vaksdal kommune - Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling](#)

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden innfrir krava til innhald etter retningslinene for bygdeutviklingsmidlane.

Tilskotsmidlane skal vere til ålmenn nytte, og stimulere til trivnad og levande bygdeliv, mellom anna i form av ulike aktivitetar og gjeremål.

Tiltaket det vert søkt om midlar til, fell innanfor dei nemnde føremåla. Kommunedirektøren legg spesielt vekt på at «friluftskolen» er eit fritidstilbod for born i skuleferien, med læring, meistring og gode opplevingar som utgangspunkt.

«Friluftsskolen» som tilbod, er godt organisert, kvalitetssikra og tilrettelagt, med tilsyn og kvalifisert rettleiing.

Det vert ikkje vektlagt at tiltaket vart gjennomført før Bygdeutviklingsutvalet sitt møte i september.

Bygdeutviklingsutvalet har ved tidlegare høve, løyvd midlar til liknande tiltak, som aktivitetsleir i Hesjedal.

Stanghelle har ved tidlegare høve motteke bygdeutviklingsmidlar til andre tiltak, men mindre enn mange andre bygder. Kommunedirektøren legg difor mindre vekt på tidlegare tildelingar ved handsaming av gjeldande søknad.

Med bakgrunn i søknaden sitt føremål og innhald, og tilgjengelege midlar, går Kommunedirektøren inn for å løyve kr 20 000,- i tilskot til «friluftsskole» i Agnavika i 2022. Innstillinga er at tilskotet vert løyvd som ein fast sum (eingongstilskot). Utbetaling skjer etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.